



Ingebjørg Haugland er ei av dei som byttar ut skiene med joggesko laurdag

Laurdag klokka 13 tek skigruppa i UIL konsekvensen av klimaendringane og innbyr til SPARLØPET på joggesko nede ved fjorden i staden for på ski i Fjellhaugen.

Men det er visse likheiter, til dømes at det tek til med barneløp som er 300 meter. Det vert 5 løypelengder

**og dei 4 andre er 600 meter for 1.-3. klasse, 700 meter for 4. og 5. klasse, 1000 meter for 6. og 7 klasse og 1500 meter for 8. klasse og senior. Start og mål er på Sandakaaien.**

Det vert sett opp klassevise heat med fellesstart etter den inndeling som vert nytta på vanlege karusellrenn på ski.

Hvis få løparar stiller opp, kan fleire klassar bli slått saman, men likevel følgjer premieringa klassesdelinga. Det vert lokka med fine premiar til alle.

Påmeldinga skjer ved at ein anten nyttar linken nedanfor eller meldar seg på seinast ein halvtime før starten.

**Link for påmelding:** [trykk her](#)

- Ei artig oppleving, eg kjem til å minnst den gode, gamle strandstafetten, seier ein eldre entusiast til uskedalen.no

Reint praktisk: Ein kan parkera på grusbana og det er garderobe i skulen

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Førebuingane til løpet var i full gang ikveld (Foto Haugland)